

Balberg (gnr. 181)

Balberg: Namn der første leden høgst truleg kjem av bard, kant, rant, brot, Bardaberg, der konsonantsamstillinga rd gav uttalen tjukk l: Balberg

Som garden Balberg i Fåberg ligg til, høgt og fritt og i ei grend med tidleg busetting, har garden sikkert høg alder. Noko fornfunn frå Balberg er likevel ikkje registrert. Heller ikkje er garden omtala i dei nå kjende Fåberg-diplom. Det første vi finn Balberg nemnt i skrivne kjelder er i 1528. Da er gardnamnet skrive Barberg, og brukaren der heitte Engelbret. Han betalde den utlikna sølvskatten Gjengjerden med 1 ledd sølv, som t.d. Toleff Gustum, Jens Hovin og Dag Mellum.

Frå 50 år seinare finn ein i 1577 at gardnamnet på ein stad er skrive Baarberig på ein annan stad Bardebergh. Det er da fortalt at 2 huder av Balberg jordegods før hadde vore kyrkjegods under Hamar-bispen, men at det i 1577 var vorte krongods. Samtidig er det og opplyst at 1 hud jordegods av Bardeberg låg til Fåberg-kyrkja og 1/2 hud til Fåberg prestebol. Av andre kjelder går det fram at 3 ½ hud var den samla landskyld av Balberg i den tid.

Alt i 1594 er skrivemåten av namnet forenkla til Barberg, og i 1604 er det skrive Bardberg. Uttalar ein da rd-lyden som tjukk l, har ein straks gardnamnet Balberg. I 1619 heitte brukaren på garden Sigvard Barberg, i 1621 Sifuer Balberg og i 1624 Thiøstel Balberg. Av Odelsmannsmanntalet 1615 går det elles fram at Kierstenn Barberig i den tid var jordeigande bonde av 1 hud i "Quarud", ½ hud i "Unsum" og 1 hud i "Flokeliid". Det eine med det andre tyder på at det i den tid budde fleire familiar på Balberg.

Meir om garden Balberg går fram av opplysningar på 1600-talet. I lista over Kvegskatten 1657 er det såleis fortalt at buskapen på Balberg i den tid var 1 hest, 2 hopper, 16 naut, 10 geiter og 20 sauer. Om den mannlege arbeidskrafta på garden fortel Mannkjønnsmanntalet av 1665. Der er det frå Balberg opplyst at brukar i den tid var Lauridz Syversen, og at alderen hans var da 52 år. Den eine tenestkaren heitte Nils Syversen og var truleg bror til brukaren; den andre tenestkaren, som det er fortalt om at han var "skrøbelig", var 44 år og heitte Steen, Steen Balberg, er han kalla i Odelsjordboka av 1657.

Eit anna verdfullt kjeldeskrift frå 1600-talet er den nye norske matrikkelen av 1668. Der er det om Balberg fortalt at Lauridz også da var brukar på garden. Men eigarane var framleis framande jordherrar: Enkefru M. Kieldtz åtte såleis 2 huder av jordegodset, og Prestebolet hadde som før 1 hud og Hovudkyrkja ½ hud. Vidare er fortalt at enga, innmarka, på garden var god, og at det var skog nok til gards bruk og seter med sommarbeite på "Rinden" seter. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 20 storfe, og korntienda vart utreidd med 3 tdr., som altså svara til ei årsavling på 30 tdr.

Lauridz Balberg, f. 1613, var ein sterk og livskraftig mann. Han var framleis bygselbonde på Balberg også i 1678. Det er da opplyst at dei faste årlege utreidsler av garden var forutan landskylda 3 huder 6 skinn også 8 rd. 3 mark i pengar. – Men fire år seinare var i 1682 Lauridz Balberg død, og det var arveskifte etter han. Administrator av skifte var foged Coldevin og Engebret og Ole Nordhove møtte som formyndarar for borna Syver "Larsen" og Anne "Larsdr.". Av register over arvegodsset går det fram at buskapen på Balberg da var 3 hestar, 26 storfe, 9 sauer og 9 geiter. Av sers verdfulle ting vart m.m. registrert: 24 tdr. korn a 1 dr., 1 brun hest til 8 rd., 11 kyr a 2 ½ rd., 9 kviger a 1 ½ rd., 2 skinnfellar a 1 rd., 2 kister a 3 ort, 1 par lysestakar 1 ½ dr., 2 dyner a 3 dl., 6 hynner, benkeputer, a 3 ort.

Etter atter fire år var i 1689 unge Syver Larsen (Lauridzen) sjølv vorte brukar på Balberg. Han hadde da den glede å kunne kjøpe mot skjøte av assessor Anders Simensen gardparten Balberg av skyld 2 huder. Det galdt sikkert den delen av garden som enkefru Maren M. Kieldtz eide i 1668.

Syver Larsen, som da hadde tatt over bruken og for ein del eigedomsretten av Balberg, var gift med Rønnaug Eriksdtr., og dei fekk 3 born: Lars, Engebret og Kari.

I Syver Larsen si brukartid kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Balberg fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men garden er tungbrukt. Det var skog til hustømmer, brenneved og gjerdefang; det var seter med god hamn og utslåttar til 2 lass høy. Høyavlinga utgjorde i alt ca. 30 lass, og buskapen vart oppgitt til å vera 3 hestar, 24 storfe og 15 sauer. Utsæden av korn var i dei same år 8 tdr. bygg og litt rug. Det er vidare fortalt at Balberg da hadde kvern saman med Skjeggstad, og at det til Balberg hørde 2 husmannsplassar med brukande jord. Det er særskilt omtala at brukaren på garden sjølv var eigar av 2 huder jordegods i garden sin, men Fåberg kyrkje åtte framleis gods til 1 huds skyld og Fåberg prestebol til ½ huds skyld.

Frå 1729 er ei kontrakt om bruket Kjølgård under Balberg. Gamle Syver Balberg hadde lånt 100 rd. av svigerson sin Erik Kristiansen. I staden for å betale årlege renter av summen fekk så Erik og Anne, dotter hans, ”husværet Kiølgaard kaldet til et brukelig pant som de begge i deres levetid skal nyde og beholde”.

Syver Larsen Balberg døde i 1739, og kona hans, Rønnaug Engebretsdtr., i 1742; i samband med dette var det skifte på Balberg. To dokument frå dette skifte kan her vera av interesse, og vi tek dei her med i utskrift:

”Balberg.

Skifte og kjøpekontrakt dat. 14. april 1742 tgl. 16 juni.

Barnene og arvingane efter avd. Siver Larsen og Rønnaug Engebretsdtr. Balberg deler ved skifte av 14. apr. 1742 deres løsøre imellem sig. Boet er også eiende grdn. Balberg med underl. Balbergsøien 2 huder med bøxel over gårdens øvrige skyld 1 ½ hud kirken og prestebølet tilhørende, som blev takseret til 300 rd. Men da boets gjeld var 300 rd., blev gaarden Balberg og alt hvad boet eiede til gjelden utlagt, så intet blev til deling. Eldste son Lars Siverson ser sig ikke i stand til å indløse gården. Han overdrar det til broren Engebret Siverson å innløse den.

Balberg.

Fremfødselskontrakt dat. og tgl. 16 juni 1742.

Engebret Siverson Balberg av Fåberg prestegjeld påtar sig å ha sin eldste bror Lars Siverson og hans hustru Maren Asbjørnsdtr. hos sig på Balberg så lenge disse lever, og hvis de forlanger å være for sig selv, da å skaffe dem føderåd for levetid, og når de dør, da å besørge dem begravet, imot at deres eiende midler og effekter som beløper sig til kapital 80 rd., skal tilflade Engebret Siverson.”

Engebret Syversen som i 1742 tok over som brukar på Balberg, var fødd 1710 og gift med Marit Larsdtr. Storhove. Dei hadde visstnok 7 born i ekteskapet sitt. Det var: a. Syver f. 1745, b. Engebret f. 1747, c. Lars f. 1749, d. Arne f. 1751, e. Rønnow f. 1754, gift 1775 med Peder L. Huse, f. Marit f. 1756, g. Gertrud f. 1758 gift 1780 med Johs. Olsen Nordhove.

Tre år etter overtakinga av garden fekk i 1745 Engebret Syversen auksjonsskjøte på 1 ½ hud jordegods i Balberg som før hadde tilhørt Fåberg-kyrkja og prestebølet for kjøpesum 60 rd. Etter det var Engebret Balberg altså endeleg eigar av heile garden, Balberg av skyld 3 ½ hud. To år seinare vart det ved tinget i Fåberg lese ein obligasjon frå sersjant Christen Pedersen Balberg til sr. Andreas Riis i Christiania for 40 rd. mot underpant i ”Sundstuehusene” i Fåberg, som sersjanten altså truleg åtte. – Frå ei tid da det elles er fortalt lite om garden, er det i 1772 opplyst at Engebret Balberg var rotemeister i veigrote nr. 6. Dei andre gardane i ”6te Rohde” var Gilleberg, Brunlaug, Besserud, Kollerøy, Nordhove, Bjørstad, Skjeggstad, Vedum, Rindal, Lekshus og Rinden, og pliktarbeidet for gardane i 6. rote var å halde

kongsvegen vedlike frå Skjeggstadgrinda til midt på Mesnabrua, der nr. 6 var pælet. – Ti år seinare gav i 1782 Engebret Syversen Balberg skjøte til eldste son sin Syver Engebretsen på garden Balberg for kjøpesum 800 rd. + føderåd til foreldra.

Syver Engebretsen, f. 1745, som da vart eigar av Balberg, var gift med Anne Olsdtr. Bjørstad, og dei fekk 7 born. Det var: a. Marit f. 1780, b. Anne f. 1782, c. Maren f. 1785, d. Ingebret f. 1788, død 1790, e. Ingebret f. 1791, f. Ragnhild f. 1794, g. Mari f. 1796, død 1801.

Frå 1789 er ei kontrakt som i utskrift har denne ordlyden:

”Tretengen.

Kontrakt da. 1789, april 18. tgl. 1808, mars 30. mellem Syver Engebretsen Balberg og Ole Eriksen: 1. Ole Eriksen skal nyde og bruke en under Balberg liggende husmannsplass Tretengen kaldet, mot årlig leie av 5 rd. 2. Denne plass skal de nyde så lenge de lever, med huser, brænde, gjerdefang, havning m.v.

Tilføielse Dat. 1807, april 4. Tgl. 1808, mars 30.

De på plassen stående huser tilhører Ole Eriksen og bør av gårdens bruker betales når han eller hans hustru ikke lenger behøver dem. Dog skal Gårdens bruker godtgjøres for skogleie. Underskrevet av Anne Olsdtr. Balberg med kurator Thomas Biørstad.

Tilføielse Dat. 1808 mars 10. Tingl. 1808, mars 30.

Ole Eriksen nyder allene foringen i KiølgaardsHaugen samt Venaasløkken, som er Balberg tilhørende imot at han foruten forommeldte husleie årlig svarer 3 ort kontant. Underskrevet av Anne Balberg med lagverge Thomas Biørstad.”

Frå ni år seinare er tinglese ei fredlysing av hasselnøtter i Balberglia. Fredlysinga vart lese ved kyrkjene både i hovudsoknet og i Lillehammer og er i ei utskrift av saka referert slik:

”Balberg.

Fredlysing. Dat. 1798, august 3. Tgl. 1798, oktbr. 9. av undertegnedes ”Nøde Skov, som saasart Nødderne begynder at modnes, af uberettigede Personer Udplyndres”.

Jens Erichsen Haavie, Ole Nielsen Haavisveen, Peder Haave, Syver Engebretsen Balberg, Christen Christensen Berge.

Oplyst 1798, august 5. ved Faaberg hovedkirke
og 1798, august 19. ved Lillehammer.

Denne fredlysning autorisert og bekreftet av M.S. Lyng, i kongens navn.”

Syver Engebretsen var framleis brukar på Balberg under folketellinga i 1801. Etter utskrift at manntalet budde det da 4 familiar på og/eller ved Balberg. Det var;

1. familie: 1. Syver Engebretsen, husbonden, 56 år, 2. Anne Olsdtr., kona hans, 45 år, 3. Engebret Syversen, son deres, 10 år, 4. Marit Syversdtr., dotter deres, 21 år, 5. Anne Syversdtr., dotter deres, 18 år, 6. Maren Syversdtr., dotter deres, 16 år, 7. Ragnhild Syversdtr., 7 år, 8. Marit Syversdtr., 5 år, 9. Christen Christensen, tenestkar, 50 år, 10. Paul Nielsen, tenestkar, 22 år. 11. Poul Hansen, tenestkar, 21 år, 12. Marit Larsdtr., mor til husbonden, føderådskone, 83 år.
2. familie: 1. Lars Erichsen, husmann med jord, dragon, 38 år, 2. Marit Olsdtr., kona hans 48 år, 3. Martha Larsdtr., dotter deres, 8 år, 4. Marit Larsdtr., dotter deres, 6 år, 5. Sidsill Asbjørnsdtr., mor til mannen, 64 år.
3. familie: 1. Peder Pedersen, innerst utan jord, tømmermann og snekker, 39 år, 2. Sigrid Christensdtr., kona hans 39 år, 3. Giertrud Pedersdtr., dotter deres, 16 år, 4. Kari

Pedersdr., dotter deres, 10 år, 5. Sigrid Pedersdr. 2 år. 6. Embret Embretsen, innerst, ”går i dagleie”, 54 år.

4. familie: 1. Ole Erichsen, husmann med jord, skomaker, 37 år, 2. Kari Nilsdr., kona hans 39 år, 3. Anne Olsdr., dotter deres, 8 år, 4. Nils Olsen, son deres 5 år, 5. Erich Olsen, 1 år, 6. Berit Svendsdr., innerst ”går i dagleie”, 70 år.

Husbonden på Balberg i 1801, Syver Engebretsen, var framleis brukar på garden i 1805. Han slutta da ei tinglyst kontrakt om fiskevarp under Balberg. Denne kontrakta tek vi her med etter ei utskrift av tingboka:

”Balbergodden – fiskevarp.

Contrakt Dat. og tgl. 1805, juli 17.

Kiendes jeg Syver Engebretsen Balberg af Faabergs Præstegjeld og hermed vitterliggjør at have de 3de Mænd Erich Thoresen Smestad, Christen Olsen Sme og Asbjørn Ellefsen Skaarseth ifølge vores samtlige Forening at have overdraget til ovenmeldt 3 mænd de 3 Fierdedeele af mit til Dato tilhørende Fiskevarp kaldet BalbergsOdden og Nye Varpet paa deres og deres Koners Levetid på følgende Vilkaar nemlig: 1. Forbinder vi os samtlige ifølge vores Forening, at vi tre Erich Tordsen Smestad, Christen Olsen Sme og Asbjørn Ellefsen Skaarseth altid skal anskaffe for hver vores 4de Deel 4re Tæner Fiskegarn eller nodt til de forbemeldte 2de Fiskevarp som og de dertil utforedrende eller til Fiskeriet fornødne Taug samt ogsaa Folk paa hver Fierde Deel til Fiskeriets Bestridelse. 2. Forbinder vi os at anskaffe Arbeidsfolk til disse forbemeldte 2de Fiskevarp BalbergsOdden og Nyvarps Oparbeidelse som findes fornøden og tienlig for Fiskefangsten og naar Opsidderen af Balberg forlanger at Arbeidet skal forrettes skal Erich Smestad, Asbjørn Skaarseth og Christen Sme være villige til at anskaffe Arbeidsfolk for hver sin Fierdedeel. 3die. Iligemaade tilplikter jeg Syver Balberg mig for min Fierdedeel i ovennevnte 2de Fiskevarp anskaffe Fierdedeelen af Fiskegarn Taug og Arbeidsfolk naar samme av Medeierne og mig samtlige behøves. 4. Skal alslags Fisk som Sommer eller Høst fanges i forberørte 2de Fiskevarp deeles i Fem liige Deelee, hvoraf, Oppsidderen af Balberg tager den Femte Deel i lands led, og de øvrige 4re Deelee af den samlede Fisk, hvoraf Syver Balberg, Erich Smestad, Christen Sme og Asbjørn Skaarseth nyder hver sin 4de Deel af Fisken - - ”.

I det tredje året etter døde i 1808 husbonden Syver Engebretsen og mangt og mye av det planlagde gjekk i stå på Balberg. Især da husmora Anne Olsdr. også døde alt året etter. Ved skifte i samband med dødsfalla vart garden Balberg da taksert til 1600 rd., og arvebuet utgjorde ved skiftet i 1808 brutto 2125 rd. og netto 812 rd. Einaste sonen, som skulle overta garden, Engebret Syversen, var da 18 år. Det er elles opplyst at søster hans, Marit Syversdr. da var gift med Erik Tordsen Smestad, og søstera Anne Syversdr. var g.m. Erik Toresen Smestadhaugen. Søstera Maren var 30 år og ugift, og søstera Ragnhild var ennå berre 14 år. Unge Engebret Syversen, f. 1791, gifta seg i 1814 med Kari Olsdr. Schultz, og dei fekk i 1815 ein son som dei døypte Engebret. Men berre 1 måned seinare døde faren Engebret Syversen. Det tunge og triste skifte som da vart helde på Balberg var i ei tid med sviktande pengeverdi, og garden vart da taksert til 5000 riksdalar norsk valuta. Arvingane ved skiftet var enka Kari Olsdr., og vesle Engebret Engebretsen, som da var 1 mnd. gamal.

Enka Kari Olsdr. overtok så Balberg som sin eigedom. Men ho gav med det same ei vitnefast fråsegn om at odelsguten og sonen hennar, Engebret Engebretsen skulle få overta Balberg når han fylte 23 år. Denne fråsegna om at det var Engebret Engebretsen som hadde odelsretten til garden, vart og tinglyst i 1828. Mor hans, enka Kari Olsdr., var da oppattgift med Simen Christophersen.

I mellomtida kom så matrikkelframlegget av 1819 med fleire opplysningar om Fåberg-gardane. Der er det om Balberg fortalt at buskapen av store husdyr i den tid var 5 hestar og 24 storfe, og at den årlege kornavlinga var kring 90 tdr. Det er elles opplyst at det også da var 2 husmannsplassar med brukande jord til garden. – I 1839 var Simen Christophersen framleis oppsittar på Balberg. Ved omrekninga og justeringa av matrikkelskylda på garden same året vart den nye matrikkelskylda på Balberg sett til 14 skylddalar 4 ort.

To år seinare, altså i 1841, overtok så Engebret Engebretsen odelsgarden Balberg og gav med det same tinglyst føderådsbrev til Simen Christophersen og kone ”samt i Tilfælde til Udstederens Hustrue”. Engebret Balberg, som den nye husbonden snart vart kalla, var ein godhjarta og hjelpsam mann. I 1850 gav han såleis Simen Torgersen ved Besserud og kona rett til for levetida å sanke seg brennefang m.m. i skogen som hørde til Balberg. I 1856 gav han ei liknande tinglyst fråsegn til Kristen Torsteinsen og kona. I 1861 gav han Ole Rasmusen og kona 1 mål jord til tuft og åker til eit husvære, også utan betaling eller leigeavgift. Engebret E. Balberg, som han og skreiv seg, hadde garden til i 1863. Da selde han Balberg til Bernt C. Dahl for sum 2500 spd. + for avling og lausøyre 700 spd., og for føderåd 350 spd. Føderådskontrakta var til Engebret E. Balberg og kone Mathea Christensdr., som var døypt Anne Mathea Christensdr. og var frå øvre Dal. Samtidig med tinglysinga av skjøtet og føderådskontrakt, vart og tinglese ei kontrakt om plassen Tretengen. Kontrakta gjekk ut på at ”Pladsen Tretengen med jordstykke er overdraget føderådsfolkene Engebret E. Balberg og kone på deres datter og mand Kristen Bræins levetid”.

Frå den store jordbruksstillinga i 1865 er det fleire interessante opplysningar om gardane i Fåberg. Om grd. Balberg er det såleis fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var 256 mål, og av dette var 122 mål jord av 1. klasse. Vidare er det fortalt at buskapen av hovudbruket Balberg utgjorde 4 hestar, 25 storfe, 20 sauer og 20 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til Balberg til saman 8 storfe og 18 sauer. – Ført på same måten var utsæden på sjølve Balberg gard: 1 td. rug, 6 tdr. bygg, 9 tdr. blandkorn, 1 ½ td. erter og 25 tdr. settepoteter, men dertil var det sådd og sett på husmannsplassane til saman 3 tdr. blandkorn og 1 ½ td. poteter.

Elleve år seinare selde Bernt C. Dahl i 1876 eit stykke tomtegrunn til Fåberg kommune. Visstnok var det på dette bruksnr. skulehuset i Balberglia seinare vart bygt.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Balberg i Fåberg fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld. Balberg i Fåberg fekk da gardsnr. 181 av samla skyld 19,00 mark, og det var 1886 enda berre 2 bruksnr. under gardsnr. 181. Det var: gr.nr. 181, br.nr. 1, Balberg av skyld 18,96 mark, som Bernt C. Dahl åtte, og br.nr. 2 Balberg av skyld 0,04 mark, som Fåberg kommune hadde kjøpt.

Ti år seinare selde så i 1896 C. Dahl Balberg gard til Aktieselskapet Balberg sanatorium for kjøpesum kr. 45000. Atieselskapet gav i 1911 skjøte til ridtmester Fougner m.fl. på gr.nr. 181, br.nr. 3 Balberg skog av skyld 9,70 mark, og Mathias Tretengen kjøpte i 1935 br.nr. 4 og 5 Tretengen, nedre og Tretengen skog for samla skyld 0,59 mark. Endeleg kjøpte i 1939 S. Lauritsen br.nr. 6 Balberg Hoteltomt av skyld 0,15 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 tre bruksnr. som da hadde eit jordbruksareal av 15 mål (da) eller meir av åker, hage og eng. Det var: a. Gr.nr. 181 br.nr. 1 Engesveen med eit jordbruksareal på ca. 15 mål, b. br.nr. 1 Balberg, jordbruksareal ca. 150 mål og c. br.nr. 4,5 Tretengen med eit jordbruksareal på ca. 35 mål. Eigar og brukar av br.nr. 1 Engesveen og Balberg var da Kristian Skjeggstad, og eigar og brukar av br.nr. 4 og 5 Tretengen var Matias Tretengen.

Elles er her å legge til at under krigshandlingane i Fåberg i mai 1940 vart husa på Balberg skotne i brann og brende ned.